



Årsmelding 2016 frå arbeidsutvalet i Ørsta idrettslag

Leiing

Årsmøtet vart halde på klubbhuset 7. mars 2016, og arbeidsutvalet (AU) vart samansett slik:

Leiar:	Erlend Andersen
Nestleiar:	Porshad Hafezi
Økonomileiar:	Bente Reklev
Styremedlem:	Hilde Ørstavik Lundberg
Styremedlem/skrivar:	Ingelin Fagervoll
Vara:	Hjørdis A. Vikenes og Olav Sindre Kriken

AU saman med alle gruppeleiarane har til saman utgjort hovudstyret. For arbeidsåret 2016 var det 8 møter i hovudstyret. Det var ekstraordinært årsmøte i ØIL 30. mai (om klubbhuset) og 15. august (om kunstgras og lån fotball).

Medlemstal/æresmedlemmer

ØIL sine grupper i 2016: Fotball, handball, friidrett, alpin, trim, langrenn, barneidrett.

Etter revidering av medlemslister frå 2016 har ein følgjande tal på medlemmer:

Born under 18 år:	772
<u>Vaksne over 18 år:</u>	<u>462</u>
<u>Totalt</u>	<u>1234</u>

Medlemstalet har vore stabilt siste åra. ØIL har mange unge utøvarar. Det er diverre ein del fråfall i siste halvdel av tenåra, men det er også mange som satsar vidare på idretten sin. ØIL skulle gjerne hatt fleire støtte-medlemmer.

ØIL har medlemsregisteret i KlubbAdmin, NIF sin anbefalte løysing for medlemsadministrasjon.

Ørsta Idrettslag har gjennom åra utnemnt 19 æresmedlemmer. Desse er:

Oscar Finstad, Harald Dybdal, Leiv Rygh, Hans S. Ose, Rolf Flydal, Ingvald Hatlestad, Kåre Myklebust, Petter Homlong, Syver Hovdenakk, Geir Mo, Jarle Aarseth, Steinar Osborg, Grete Bjørdalsbakke Mo, Dagfinn Nupen, Svein Silseth, Gunnar Knutsen, Stein Aam, Arild Bjørdal, Kari Lundestad Myrøld.

Representasjon

Følgjande medlemmer hadde i 2016 tillitsverv i høgare organisasjonsledd:

Erlend Andersen:	Leiar i Ørsta idrettsråd.
Egil Åmbakk:	Styremedlem i alpinkomiteen i Møre og Romsdal.
Olav Saure:	Medlem i anleggskomiteen i Sunnmøre fotballkrets.

I tillegg vart Jon Olav Kriken (fotball) nytta som kurshaldar i regi av kretsen. Terje Sunde (alpin) var styremedlem i Ørsta Skisenter.

Når det gjeld representasjon til forbunds- og kretsting har gruppene sjølve oppnemnt/valt egne utsendingar.

Møter med idrettskretsen: Tre medlemmer var med på den årlege Møteplassen i Molde.

ØIL var gjennom leiar representert i møter i Ørsta idrettsråd. Vi stilte også med 5 delegatar i årsmøtet til idrettsrådet.

Anlegg

Klubbhuset

Klubbhuset har eige styre og eigen rekneskap. Huset er mykje brukt, både på dagtid og kveldstid. Det er eiga instruks for drift av klubbhuset, samt for utleige.

Huset er også brukt til skulefritidsordning i regi av fotballgruppa. Nær 70 born er med på dette i skuleåret 2016/17!

Klubbhuset er frå 1980, og skulle hatt oppgradering. For 2016 var det løyvd midlar til maling ute og noko oppussing inne. Dette vart ikkje utført, då det på våren vart endeleg vedtak i kommunen om riving av klubbhuset.

Ørsta stadion/kunstgrasbane

Driftsplan for anlegga i Holmane vart vedteke i ekstraordinært årsmøte 2013. Eiga anleggsgruppe tek seg av naudsynt vedlikehald på anlegga. Det var stor aktivitet på anlegga også i 2016. Anlegga vert også brukt på dagtid av skulane.

Kunstgraset vart skifta sommaren 2016. Det gamle kunstgraset fekk leve vidare på Velle skule.

Kombibygget

Kombinasjonsbygget (lager/tribune/kiosk) mellom stadion og kunstgrasbana var ferdig 2012. I 2016 vart det installert avfuktingsanlegg i bygget, noko som har betra innklimaet.

Kiwi-hallen

Fotballhallen var ferdig våren 2013. Formelt er det eit eige aksjeselskap (Ørsta fotball AS) som driv hallen. Hallen er ein suksess, med stor aktivitet kvar einaste dag. På dagtid vert hallen brukt av Velle skule. Om vinteren er det leigeinntekter på hallen. Brukarane bør respektere anlegget i større grad, det er for mykje rot i hallen.

I mai vart det arrangert dans med Vassendgutane. Dette arrangementet gav svært gode inntekter til drift av hallen og fotballgruppa.

Lager/WC ved Kiwi-hallen

Våren 2016 vart det gamle lageret totalrenovert, og det vart bygd 4 toalett med høg standard. Golvet til Kiwi-hallen er lagra her.

Langrenn

Ved Mosmarka og framover Daleteigane/sætrevegen har langrennsgruppa gjennom fleire år gjort ein formidabel innsats for å opparbeide langrennsløyper og turstiar. Grunnen er i privat eige, noko som krev eit godt samarbeid med grunneigarane. Langrennsgruppa har sett opp lys i store delar av langrennsløypa.

Dei har også løypemaskin og garasje tilknytt dette anlegget. Vinteren 2016 var nokså stabil, med flotte skiløyper over ei lengre periode. Langrennsgruppa har også ansvar for langrennsløypene på Bondalseidet. Vi får håpe brukarane set pris på det arbeidet som ligg til grunn!

Bondalseidet

På Bondalseidet er ØIL eigar/medeigar i fleire startbuder/tidtakarbuder knytt til alpint, langrenn og trim (trimrenna).

ØIL er medeigar i skisenteret.

Skisenteret utbetra Nakkeløypa i 2016, og alpingruppa hadde dugnad på tidtakarhuset. Det er meininga å bruke denne løypa meir framover.

Mange foreldre gjer ein enorm dugnadsinnsats for å drifte alpingruppa.

Økonomi

ØIL nyttar XO Rekneskap AS.

Laget prøver å få mest mogleg idrettsaktivitet for pengane. ØIL har i hovudsak bygd sine egne anlegg. Laget har likevel relativt lite lån. Økonomien er stram, men under kontroll. Omsetnaden i 2016 var 7,2 millionar.

ØIL har låg medlemsavgift, og gruppene held treningsavgifta så låg som mogleg. Vi er rimeleg i regional samanheng, målet er at flest mogleg skal ha høve til å vere med.

Med mange anlegg vert det også store avskrivningar. Rekneskapen viser negativt resultat for 2016.

Sportsleg aktivitet/aktivitet i gruppene

Ørsta idrettslag driv i utgangspunktet breiddeidrett. Dei fleste utøvarane er under 15 år.

Likevel er det gode prestasjonar av ungdom i fleire grupper. Både fotball og handball har t.d. gode gute/junior-lag.

Langrennsgruppa gjer ein framifrå jobb med utbygging og vedlikehald av langrennsløyper og turløyper, også til glede for ålmenta.

Trimgruppa sin største aktivitet er fjelltrimmen, med gode besøkstal heile året. Trimrenna om vinteren er også populære, desse vert arrangert i samarbeid mellom trimgruppa og langrennsgruppa.

Barneidrettsgruppa har dette skuleåret nær 100 born med god og variert aktivitet. All aktivitet vert organisert av foreldra.

Fotballgruppa har over 500 spelarar, og vart i 2016 kåra til beste jenteklubb i kretsen.

Gruppa er ein av 19 kvalitetsklubbar i kretsen.

Friidrett har svært god rekruttering av born, men har også større ungdomsgruppe enn på mange år.

Handball har avgrensa moglegheiter i Ørstahallen, men stiller likevel nær 20 lag. Det er særleg god vekst i mini-handball.

Alpin har gode fasilitetar på Bondalseidet, og reiser heile året på samlingar til meir snøsikre anlegg. Gruppa har fått eit større miljø gjennom samarbeid med Volda, Åmdal og Sæbø.

Elles viser vi til gruppene sine egne årsmeldingar som fortel mykje om aktiviteten gjennom året. Der er god aktivitet i alle gruppene.

Ny fleirbrukshall

Kommunen skal bygge ny fleirbrukshall i sentrum. Kommunestyret har tidlegare gjort vedtak om at denne skulle kome på Mosflata. Tidleg i 2016 var det klart at administrasjonen i kommunen heller ville bygge hallen på utstillingsplassen. Etter ein ryddig prosess både i ØIL og idrettsrådet gjekk kommunestyret i møte 21. april inn for bygging på utstillingsplassen. For idretten var det avgjerande at hallen, med ny ute-tribune, vert godt tilpassa eksisterande idrettsanlegg.

ØIL får nye klubblokale i andre høgda i hallen. Etter planen skal klubbhuset vere tømnd til juni 2017, og hallen skal stå klar november 2018.

Hovudstyret brukte mykje tid på denne saka i 2016.

På heimesida til idrettsrådet ligg det mykje informasjon om denne saka.

Sluttord

Hovudstyret fungerte godt i 2016, det var mykje god aktivitet i gruppene. Vår visjon er "idrettsglede for alle". Det viktigaste er at utøvarane har det kjekt og utviklar seg både fysisk og sosialt, og er stolte av å representere laget.

Det har i mange år vore utfordrande å finne tillitsvalde til gruppestyra. Vi ser også at det vert vanskelegare å få frivillige til dugnadsoppgåver. Vi har mange anlegg som krev vedlikehald, og må nok ha større fokus på dette framover. Foreldra er den største ressursen i laget. Svært mange brukar mykje av fritida si som trenarar, oppmenn, i anleggsgrupper og anna. Tusen takk til alle!

ØIL er til for medlemmane. Laget er i stor grad med på å forme lokalsamfunnet og oppvekstvilkåra for born og unge i sentrum.

Det er også mange utanfor laget som nyt godt av våre tilbod. Langrenns- og turløypene, anlegga i Holmane, Kiwi-hallen, fjelltrimmen m.m. er tilbod til glede for mange utanfor laget også.

Vi takkar fotballgruppa for nok ei svært god 17. mai-gjennomføring i sentrum.

Vi takkar næringslivet som støttar oss gjennom sponsormidlar og gåver, og andre som støttar oss økonomisk på ulikt vis. Det er slett ikkje gratis å drive idrett!

Vi takkar også kommunen, fylket og idrettskretsen for god støtte og godt samarbeid gjennom året.

Arbeidsutvalet takkar for seg og ynskjer det nye Styret lukke til.

Ørsta, 9. mars 2017.

Ingelin Fagervoll

Erlend Andersen

Bente Reklev

Hilde Ø. Lundberg

Porshad Hafezi